

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-D11
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021
057/21	Utval for næringutvikling og drift	09.06.2021
052/21	Alver formannskap	10.06.2021
	Alver kommunestyre	

Endra ramme, opprusting Knarvik 11ar kunstgras

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kostnadsramma for nytt banedekke på Knarvik 11ar kunstgras, vert auka til 6,1 millionar.

Prosjektet finansierast som følger:

Prosjektet er lagt inn i opprinnelig budsjett med sum kr 3,2 mill eks mva, 4 mill inkl mva.

Finansiering: lånemidlar 3,2 mill og mva-refusjon 0,8 mill.

Auke på 2,1 mill inkl. mva eller kr 1,68 mill ekskl. mva.

Finansiert med lånemidlar med kr 1,68 mill og 0,42 mill i mva-refusjon.

Sum prosjekt er kr 6,1 mill. kr 4,88 mill eks mva og kr 1,22 mill i mva.

Finansiert med 4,88 mill i lånemidlar og kr 1,22 mill i mva.-refusjon

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Uttale frå Alver idrettsrådet vart ettersendt utvalet - 08.06.2021

Atle Vaage-rådgevar, orienterte og svara på spørsmål.

Framlegg frå Thea Risøy-Krf:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster, mot 1 røyst (Anna Nordlund-SV)

OKK- 046/21 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.06.2021:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur rår Formannskapet til å innstille for alternativ 2: bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift med kostnadsramme 7,5 million.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Alver Idrettsråd, utval for kunnskap og kultur, utval for næringsutvikling og drift.

Saka skal til innstilling i Formannskapet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

I økonomiplanen er det sett av 4 millionar til opprusting av Knarvik kunstgras.

Ny forskrift som har som mål å hindra spreiring av mikroplast og gummigranulat, er vedteken og har verknad frå 1. juli 2021. Forskrifta stiller mellom anna krav om fysisk barriere som til dømes ringmur i betong rundt heile bana, dersom ein vel baner med syntetisk innfyll. Dersom ein vel bane med miljøvenleg innfyll, fell krava bort.

Ei prosjektgruppe med medlemmar frå eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald, kultur, Alver Idrettsråd og NBK har jobba med kartlegging av behov, og henta inn kostnadsoverslag for dei ulike alternativa;

- Bane med miljøvenleg innfyll 6.1 million.
- Bane med syntetisk innfyll og oppfylling av ny forskrift 7,5 million.
- Bane med syntetisk innfyll, oppfylling forskrift og ønske frå brukarane 8,5 million.

Summane er inkludert 20% sikkerhetsmargin og mva. Prosjektgruppa sin rapport er vedlagt saka.

Saksopplysningar

Prosjektet er prioritert på tiltakslista i kommuneplan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

Legging av kunstgras er avhengig av ein samanhengande periode med forholdsvis tørt vèr, og ein er difor avhengig av å koma i gang før ein kjem for langt ut på hausten. Administrasjonen har difor lagt ut anbod på bytte til miljøvenleg banedekke innanfor rådmannen sitt forslag til kostnadsramme, med atterhald om politisk godkjenning.

Dersom denne løysinga vert valt, fell behovet for grunnarbeid med ringmur, gjerde mm bort.

Ny anbodsprosess og leveringstid på sjølve kunstgraset, er rekna til om lag 3 måndar. Dersom anbodsprosessen først kan starta etter 24. juni, vil det vera risiko for at sjølve utskiftinga av bana må utsetjast til vår/sommar 2022.

Delar av gjerda rundt bana er svært dårleg fundamentert frå byggjeåret. Dersom det må byggast ringmur rundt bana, vil gjerda uansett måtte demonterast og setjast opp på nytt. Ved val av miljøbane utan ringmur, vil det vera mogleg å utbetra gjerda på eit seinare tidspunkt.

Det er eit ønske frå idretten å fjerna asfaltkanten rundt bana og erstatta dette området med kunstgras. Dette vil gje auka areal til trening og oppvarming, og samstundes letta vedlikehald. Denne løysinga er avhengig av at det vert laga ringmur. Fjerning av asfalt vil vera praktisk vanskeleg å ta att på eit seinare tidspunkt, uavhengig av kva type bane som vert lagt.

NBK ønskjer at det vert lagt til rette for tribunekapasitet for 100 personar og nye innbyttarboder. Klubben tilbyr seg å kosta dette dersom kommunen dekkar kostnaden med grunnarbeid. Dette arbeidet vil vera mogleg å gjennomføra på eit seinare tidspunkt utan vesentleg kostnadsauke.

Prosjektgruppa har henta inn erfaringar frå fleire andre baneeigarar som har miljøbaner. Erfaringane viser at brukarane er godt nøgde under tørre forhold og regn, men at innfyllet i desse banene frys til noko raskare om vinteren.

Erfaringar henta inn vedrørande drift og vedlikhald, tyder på at arbeidsmengde og kostnad for vedlikehald ikkje skil seg vesentleg frå tradisjonelle baner.

Den eldste miljøbana det er henta inn erfaringar frå, ligg i Etne, og er litt over 10 år gamal. Erfaringa med levetid på dekket der er god. Men for fleirtalet av miljøbanene, gjeldt at dei førebels er for nye til at ein kan seia sikkert om dette banedekket har same forventa levetid som dei meir tradisjonelle banene.

Opprusting av kunstgrasbaner som er meir enn 10 år gamle, gir ein million kroner i spelemidlar. Det er for tida om lag 3 års ventetid på å få utbetalt tilskot frå ordninga, slik at desse midlane ikkje kan reknast med i finansieringa no.

Vurdering

Forventa levetid for kunstgrasdekke er 10-15 år. 11ar kunstgrasbana i Knarvik vart opna i 2008, og har såleis

nådd forventet levetid. Bana har stor bruksfrekvens både for idrett, skulane i Knarvik og uorganisert bruk. Anlegget er svært slitt, og har i tillegg fleire skader i dekket. Opprusting av anlegget vart flytta fram på prioriteringslista etter ønske frå Alver Idrettsråd. Innhenta kostnadsoverslag viser at opprusting av bana må utsettast dersom ramma ikkje vert auka.

Informasjonen henta inn frå banene med miljøvenleg innfyll, viser at brukarane er godt nøgde. Det viktigaste unnataket er at banene fryser til noko fortare om vinteren. Klima i vårt område gjer at det normalt er få dagar med frost. Ved snøfall vil det uansett vera vinterdrift og snørydding som avgjer om bana kan haldast open. Talet dagar ekstra ein risikerer stenging av bana, er etter rådmannen sitt syn ikkje høgt nok til at det kan illeggast avgjerande vekt.

Problemstillinga kring granulat og mikroplast frå kunstgrasbaner har hatt svært høg fokus i seinare år, og handlar såleis også om kommune sitt omdøme. Sjølv om ny forskrift opnar for bruk av syntetisk innfyll gjennom avbøtande tiltak, må intensjonen i forskrifta tolkast til at ein ønskjer overgang til meir miljøvenlege materialar. Rådmannen er av den meining at det offentlege som baneeigar bør akseptera risiko for noko kortare levetid, for å bidra til denne overgangen.

Tiltaka i prosjektgruppa sitt arbeid kan delast i det som er nødvendig for å skaffa ei bane av godkjent standard, og ønske om kvalitetsheving ut over det som er absolutt nødvendig. For dei fleste ønska gjeldt at tiltaka vil kunna gjennomførast på eit seinare tidspunkt.

Rådmannen ser at dei foreslåtte tiltaka kan gje ei betre brukaroppleving. Samstundes er Alver kommune i ein pressa situasjon økonomisk. Rådmannen kan difor ikkje tilrå at totalramma vert auka ut over det som er heilt nødvendig for å framskaffa ei bane av godkjent standard.

Vedlegg i saken:

31.05.2021

SLUTTRAPPORT prosjektgruppe kunstgras Knarvik

1563962